



Dugnaden gikk med liv og lyst måndag. (Foto: Einar Gjertsen)

Måndag starta dugnaden som eigarane av den tidlegare Statkrafteigde hytta på Storhaug har planlagt.

Den gamle kledningen på sørvestsida er riven og ny kledning skal på plass. Nye glas er komne opp og skal setjast inn. På vestsida er der planar om å utvide arealet, og her skal det byggjast generatorrom og vedbod.



Utsikten frå Storhaug er fantastisk, særleg mot Ulvanåso. (Foto: Einar Gjertsen)

Med på dugnaden første dagen var Svein Ottar Rørheim med borna Eirin og Jone, Ståle Eik, Jostein Mehl og 82 år gamle Jens J. Ljosnes. Det var tid til kaffiøkt mellom taka, og Eirin serverte ferske vaflar som var steikte i hytta.

Det var gjeve løyve til 11 traktorturar opp skogsvegen med material og utstyr.

Av Einar Gjertsen



Det er godt med ei matøkt mellom slaga. (Foto: Einar Gjertsen)